

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke:

Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad:

Fjell

Emne: Drikk til maten til  
kvardags.

Bygdelag:

sore luke

Oppskr. av:

Hans O. Nordvik

Gard:

Nordvik

(adresse):

Kessjone

G.nr. 4

Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. I eldre tid var det rekna for ein uskikk og ødsling å drikka eller bruka nysilt mjølk i hushaldet.

No vart silt oppi store trekoller og sett i mjelkehulla, og der måtte ho stå i rikka til mjølka var lønna (vorten tjukt) og all rømmen hadde lagt seg over. Når rømmen var ferdig av (og ikkje fôr), künde mjølka verta brukt til grøtastil, og ymse anna.

No for tida vert her brukt mykje nysilt mjølk i hushaldet.

2.) Det künne henda at ein drakk sur mjølk; men det var helst sur mjølk blanda med vatn.

3.) Her i bygda blanda ein påip med vatn, og hadde til leske-drykk i våromna og slåttonna.

No brukast påip blanda med vatn til bysle-drikka.

2.  
4) Govitt- og vilt har her ikkje vore bryggja öl til kvardagsdrikk her i bygda. Gardane var helst små, so hadde mätte berre nyttast til mat.

Kaffi.

5) Det var sikkert i vertskap, som brüdaup og barsöl at ein først brukte kaffi. Seinare vart det kvardagsdrikk.

Tidare tid kjøpte ein mest übrunt kaffi. Dei brende han i ei gryta. Her var og brükt mykje übrunt havre, som vart nyttast til kaffi.

6) Vanleg kvardagsdrikk var det neppe, för kerrimot 1900 talet.

Folk herfra som reiste til nordland på fetsildfiske, brukte kaffi i 1870-1880 åra.

Dei kjøpte og übrunt kaffi, som dei brende sjelve.

7) Det er minnst to ganger för dagen, til frokost og non.

8) Ein lagar kaffi på ymse måtar. För brukte ein kaffi-kjel, kokte opp vatn på kjelen, og hadde malen kaffi på vatnet. So brukar ein helst kanna, har malen kaffi på kanna, og heller kokande vatn på, lar det trakkja ei stund og so er han fertig.

Har ikkje greidd på kva reglar ein nyttast när ein spår i kaffigrüt.

9) No brukar ein raffinade.

Før i tida brukte ein platesukker.  
Ein kjøpte platen ferdige.

10) No brukar ein mest fløyte  
i kaffien, før i tida brukte  
dei mjølk.

På fisketurar var det vanskeleg  
å få fatt i mjølk. Då brukte  
ein ofte smør i kaffien.

Te

11) Ein brukar ofte te til kvelds.  
Det er helst etter krigen det er  
vorte vanleg.

Te av heimlege plantar har ikkje  
vorte brukt her.

Brennevin.

12) Ein brukte lite brennevin  
til kvardags her, og det ~~er~~ solis  
idag og. Men i brudlaup  
og fest vart det brukt ikkje so  
bratt lite. Då vilde folk ha  
sølvsølvet fullt, og det tok ein  
"peil", vistnok 1/3 del flaska.

Dette var igamle dagar.

No er det drammar; men det  
er kanskje ikkje so lenge  
millom drammane.

Nyare drykk.

13) Her vert brukt noko öl ved  
syme høve; men ikkje som  
kvardagsdrykk.

